


# List of Signatures

Page 1/1

 **Årsmelding SIMAS 2023.pdf**

Name	Method	Signed at
Alvik, Dagny Karin Ugulsvik	BANKID_MOBILE	2024-03-22 15:53 GMT+01
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2024-03-22 08:56 GMT+01
Lervik, Birgit Olaus	BANKID	2024-03-22 08:41 GMT+01
Hovland, Jøril	BANKID	2024-03-22 08:41 GMT+01
Skrede, Åge	BANKID	2024-03-22 08:24 GMT+01
Øvstetun, Ernst Ståle	BANKID	2024-03-25 12:42 GMT+01
Nævdal, Terje Bakke	BANKID	2024-03-25 11:18 GMT+01
Ovrid, Marianne	BANKID	2024-03-23 10:43 GMT+01



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 500D04A80DED43F48A8CC21C13112A84



**simas**  
Ressursar på rett veg

20.03.2023

# Styret si årsmelding 2023

SIMAS IKS



This file is sealed with a digital signature.  
The seal is a guarantee for the authenticity  
of the document.

Document ID:  
500D04A80DED43F48A8CC21C13112A84

## Innhold

1. Verksemda sin art og korleis den vert driven.....	1
2. Vidare drift .....	1
3. Omtale av konsernårsrekneskapen .....	1
4. Risiko .....	2
5 Internkontroll .....	3
6 Omtale likestilling og aktivitetsplikt .....	5
7 Styre- og leiingsansvar.....	5
8 Aktsemdsvurdering knytt til grunnleggande menneskerettar og arbeidstilhøve.....	5
9 Framtida .....	5
Vedlegg til årsmelding .....	6

### 1. Verksemda sin art og korleis den vert driven

Simas er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal Sogndal, Vik og Årdal, med tilsaman 33319 innbyggjarar per 31.12.2023. Selskapet starta opp i 1994 og har i dag ansvaret for handtering av slam og alt hushaldningsavfall. Selskapet driftar også miljøstasjonane i eigarkommunane utanom Årdal. Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

I samsvar med ureiningslova § 34, skal alle kostnader til lovpålagt renovasjon og slam dekkast fullt ut av gebyra (sjølvkostprinsippet), som vert betalt av abonnentane, jf. § 8 i sjølvkostforskrifta.

Kundemålingar viser at kundane er godt nøgd med selskapet og renovasjonsordninga.

I tillegg tilbyr selskapet renovasjonstenester til næringslivet i regionen gjennom dei heileigde dotterselskapet SIRKLA Ressurs AS.

### 2. Vidare drift

Rekneskap og balanse er sett opp i samsvar med krava i rekneskapslova. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat. SIMAS hadde 01.01.2023 eit sjølvkostfond på renovasjon på 10,2 mill. Dette må byggjast ned i løpet av 5 år. Det vart difor budsjettert med eit underskot i 2023. Det er femte året på rad at selskapet ikkje økte gebyra til tross for økte driftskostnader.

Føresetnaden for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen for 2023 er sett opp med denne føresetnaden.

### 3. Omtale av konsernårsrekneskapen

#### *Omsetninga*



Omsetninga i konsernet i 2023 var på 99,3 millionar kroner, dette er 5 millionar kroner høgare enn i 2022. Sirkla har auka omsetninga med 3 mill medan SIMAS har auka omsetninga med 2 mill.

Næringsinntektene har den største auken. Ei årsak til dette er at Årdal kommune har levert restavfall og papir i Festingdalen, men næring på renovasjonsruta og slam har også auka ein del. Inntekter på hushaldning er på nivå med fjoråret medan inntektene frå papir og skrap har gått ned med 1,6 mill.

### ***Driftskostnader***

Samla driftskostnader var i 2023 på 100,5 millionar kroner mot 93 millionar kroner i 2022.

### ***Netto finanskostnader***

Netto finanskostnader er på 3,1 millionar kroner mot 1,2 millionar kroner i 2022.

### ***Årsresultat***

Resultatrekneskapan syner eit samla underskot for konsernet på 4,3 millionar kroner før skatt i 2023. I 2022 var det overskot på 0,02 millionar kroner.

Selskapet har eit godkjent FoU-prosjektet «Utvikling av nye løysingar og tenester for avfallsreduksjon, ombruk og materialattvinning i Sogn» som Skattefunn-prosjekt.

### ***Disponering av underskot***

Underskotet i SIMAS på 4,7 millionar kroner er overført med 7,3 millionar kroner frå fond for hushaldningsrenovasjon og 0,6 millionar kroner overført til fond for slamrenovasjon. Avsett til anna eigenkapital utgjer 2 millionar kroner.

### ***Kontantstraum***

Konsernet sin kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar har i 2023 vore 6,8 millionar kroner, mot 4 millionar kroner i 2022. Netto kontantstraum frå investeringsaktiviteten var på -16 millionar kroner, mot -9,9 millionar kroner i 2022, medan netto kontantstraum frå finansaktiviteten var -6,8 millionar kroner, mot 7,1 millionar kroner i 2022.

SIMAS hadde ei endring i kontantar og kontantekvivalentar på 33,3 millionar kroner i 2023 mot 49,4 millionar kroner i 2022.

### ***Likviditet***

Konsernet har ved balansedag likvide midlar på 33,3 millionar mot 49,4 millionar i 2022. Likviditeten vert vurdert som god.

### ***Balanse***

Eigendelar, utgjer 152 millionar kroner, der eigenkapitalen er på 30,3 millionar kroner og samla gjeld utgjer 121,7 millionar kroner. Den langsiktige lånegjelda utgjer 85,7 millionar kroner, mot 92,5 millionar kroner pr 31.12.22. SIMAS IKS har ei låneramme på 120 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2019.

## **4. Risiko**

SIMAS jobbar kontinuerleg med å redusere risiko for uønska hendingar. Det vert årleg gjennomført risikoanalyse knytt til selskapet drift og aktivitetar. Det vert gjennomført kurs, øvingar og samlingar.



Det er godt samarbeid med eksterne selskap og forskjellige tilsynsmynde for å forebygge uønskete hendingar. Selskapet hadde i 2023 deponitilsyn frå Statsforvaltaren.

### ***Strategisk risiko***

Avfallsbransjen er i stor endring. Strategien til selskapet er i samsvar med samfunnsutviklinga og endring av rammer for avfallshandtering i Norge. Dette gjelder krav til kundeservice, miljøretta tenester og krav til gjenvinning av energi og materialar. Dette er nedfelt i visjon til selskapet som er «Ressursar på rett veg».

### ***Marknadsrisiko***

Selskapet har på grunn av at selskapet utfører eigarkommunane sine lovpålagde renovasjonstenester, og er tildelt einerett innanfor renovasjon, liten marknadsrisiko innafør dette området. Deler av selskapet sin aktivitet er likevel påverka av konjunktursvingninger, strukturendringer og ytre rammebetingelser.

### ***Finansielle risiko***

Selskapet har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i selskap knytt til drifta av selskapet. SIMAS eig SIRKLA Ressurs AS med bokført verdi på kr. 506.797. I tillegg eig selskapet aksjar i Retura Norge AS.

## **5 Internkontroll**

Arbeid med internkontroll i SIMAS er forankra i dei delmåla som er gitt i den overordna handlingsplanen utarbeida i samsvar med strategiplan «Avfall 2025».

Overordna mål innan 2025:

SIMAS skal ha fornøgde medarbeidarar i resultatorientert flat organisasjon med klare mynde- og ansvarsforhold.

SIMAS arbeider kontinuerleg med det systematiske helse,- miljø- og sikkerheitsarbeidet. Arbeidet er forankra i leiinga og blir følgt opp i alle avdelingar og i arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det er 4 AMU-møter i året.

I 2023 har det vore fokus på å auke bruken av det digitale HMS- og kvalitetssystemet. SIMAS ser resultat av dette med bl.a. fleire aktive brukarar, meir bruk av sjekklister og modular, samt auka registrering av avvik. Registrering av avvik auka frå 163 i 2022 til 197 i 2023. Av dei totalt 39 registrerte HMS-avvika var 5 avvik personskade utan fråvær, 2 avvik var personskade med fråvær, 2 avvik på brantilløp og 3 avvik på ytre miljø.

Avvik blir følgt opp på eit overordna nivå og på avdelingsnivå. Det er viktig å jobbe med avvik for å sikre kjennskap til hendingar og forbetringar. Det er gjennomgang av avvik i AMU og i styret.

## **Arbeidsmiljø**

### **Psykososialt arbeidsmiljø**



SIMAS har ei målsetting om å ligge under 10% i raud sone på den interne arbeidsmiljøundersøkinga. Resultata frå denne undersøkinga i 2023 viser ein svarprosent på 15 i raud sone. Det blir aktivt jobba med tiltak i heile organisasjonen.

#### Sjukefråværsarbeidet

SIMAS har satt mål om å ha eit sjukefråværet på 4%. I 2023 låg sjukefråværet på 4,5%. Dette resultatet var likt med 2022. SIMAS vil ha tett oppfølging av sjukmelde, tilsette som står i fare for å bli sjukmeldt og vurdere jamleg tiltak. SIMAS nyttar BHT aktivt i arbeidet med sjukefråværsarbeidet.

#### Fysisk, kjemisk og biologiske arbeidsmiljø

SIMAS har arbeidsmiljø med ulike eksponeringar. Arbeid med kartleggingar og risikovurderingar for å identifisere eksponering og avdekke risiko, for så å kunne iverksette gode tiltak, er eit kontinuerleg arbeid. I 2023 har det vore særskilt fokus på risikovurdering for eksponering av biologiske faktorar og støy.

SIMAS har fleire pågåande prosjekt som ser på løysingar der manuelle prosessar kan bli erstatta av tekniske løysingar. Dette vil vere løysingar som på den eine sida kan betre eksponeringar i arbeidsmiljøet, redusere muskel- og skjelett plager, og på den andre sida gi betre utsortering av avfallsfraksjonar.

#### **Sikkerheit og beredskap**

SIMAS skal ikkje ha arbeidsulykker eller nesten ulykker på sine områder eller i teneste. Sikker-jobb-analyse og HMS-inspeksjoner blir utført før ein tek i bruk nye metodar, nye installasjonar og nytt utstyr.

Det største risikoen i verksemda er brann. SIMAS har etablert eige industrivern. Industrivernet skal vere godt «drilla» i å raskt handtere beredskapshendingar før nødetatane er på plass. Industrivernet gjennomfører 6 industrivernøvingar i året.

#### **Ytre miljø**

Det skal ikkje førekomme avvik som gjev akutt ureining til ytre miljø (storbrann, utlepp av farleg avfall og liknande).

I samband med revidert utsleppsløyve og i samband med tilsyn frå Statsforvaltaren har SIMAS, i samarbeid med Norconsult, gjort eit større arbeid med å kartlegge alle vasstraumar på anlegget. Kartlegging omfattar vurderingar av effekten av avskjerande grøfter, samt undersøking av vannkvaliteten av ulike vass-straumar. På bakgrunn av dette skal SIMAS vurdere kva for vass-straumar som bør handterast separat og om det er behov for separat reinsing av ulike vass-straumar.

Anlegget i Festingdalen skal sjå ryddig og velhalde ut for tilsette og omgjevnader. Det blir jamleg utført ryddeaksjonar på dugnad av ulike ved lag/russegrupper og organisasjonar.

Smart køyring og god intern logistikk resulterte i reduksjon i drivstoff forbruk og reduksjon i tal km køyrt i 2023. SIMAS vil halde fram med tiltak som god planlegging og logistikk som redusere utslepp av CO2.

#### **Kvalitet**

I 2023 klarte SIMAS å redusere avvik nedstraums på glass og metall. Årsak til reduksjon var gode tiltak som informasjonskampanjar og betre kontroll og ettersyn av innsamla fraksjonar. Sirkel Glass AS kåra SIMAS til beste leverandør i 3.kvartal 2023.



## 6 Omtale likestilling og aktivitetsplikt

SIMAS har ved utgangen av 2023 45 fast tilsette. SIMAS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute. Av selskapet sine 45 tilsette er 11 kvinner. I leiargruppa var det i 2023 4 kvinner og 4 menn. I styret er 4 av 7 styremedlemmer kvinner, der styreleiar er ein av desse.

Selskapet har utarbeida etiske retningslinjer der ein tek avstand frå alle typar diskriminering. Ved nyttilsetting vert kvinner og menn handsama likt, der best kvalifisert søkjar får tilbod om stillinga. SIMAS samarbeider med NAV og fleire attføringsverksemdar, og gir opplæring- og arbeidstilbod for medarbeidarar med ulike behov for tilrettelagt arbeid. I tillegg gir selskapet støtte til språktrening.

I 2023 har SIMAS revidert prosedyre for rekruttering med fokus på at utlysningstekstar ikkje skal bli oppfatta diskriminerande mot kjønn eller grupper.

## 7 Styre- og leiingsansvar

SIMAS har teikna styre- og leiingsansvarsforsikring på 15 mill.

## 8 Aktsemdsvurdering knytt til grunnleggjande menneskerettar og arbeidstilhøve

Den 1.7.22 trådde openheitslova i kraft. SIMAS har ei plikt til å utføre aktsemdsvurderingar for å stanse, førebygge og avgrense negative konsekvensar på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Arbeidet rundt openheitslova har i første omgang omfatta underleverandørane våre (nedstraums).

SIMAS IKS er eit lite selskap, med tanke på kjøpekraft, og vår evne til å forbetre forhold hjå eksterne faktorar er derfor å vurdere som liten. SIMAS forpliktar seg likevel i størst mogleg grad til å gjere ein innsats og har utviklingspotensiale i møte med nye underleverandørar, handelspartnarar og samarbeidspartane i prosessen med utføringa av renovasjon i Sogn.

Vår forbindelse til andre bransjar er sterkast opp mot transport (og logistikk). På bakgrunn av dette har vi valt å utføre stikkprøver av tilfeldige sjåførar som frakter ressursar (sek. råvarer) for oss nedstraums. Selskapet vi har størst kontrakt med er Geminor og valet av sjåførar for stikk kontroll blir derfor frå ein av deira underleverandørar.

Årsaka til at vi valde transportbransjen er: lønningar opp minstelønn, køyre og kviletid, utstyr og sikkerheit på vogntog m.m.

Ettersom vi er å rekne som eit mindre selskap og våre handelspartnarar potensielt hadde greidd seg fint utan våre kjøp, kan vi likevel vere med på både å legge føringar og sette krav om at dei vi gjer forretning med sikrar tilfredsstillande arbeidsforhold for sine tilsette. Saman med andre IKS og/eller kommunale avfallsselskap kan vi sette søkelys på og i større grad dokumentere brot på arbeidsrettigheter og forhold.

Vidare har vi innkjøpsrutinar som kan betrast, ved eksempelvis å legge til kontrollspørsmål om rettigheter og arbeidsforhold hjå dei som produserer og hentar ut råvarer for å produsere produkt vi kjøper (oppstraums).

## 9 Framtida

Eigarane vedtok i representantskapet ny strategiplan for SIMAS – Avfall 2025 – som dannar ramma for utviklinga av verksemda. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret er opptekne av at



selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfallshandtering i regionen. Samstundes ønskjer styret å legge til rette for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i ressursane verksemda samlar inn.

Styret følgjer utviklinga av bransjen og gjeldande rammelovgjevningen tett, og har stort fokus på korleis selskapet skal handtere dei utfordringar som ein til ei kvar tid står ovanfor. Dette for å sikre god og stabil drift også i eit lengre perspektiv.

### ***Dotterselskap:***

Det har vore ein god omsetningsvekst i 2023. Auke i personal- og driftskostnader resulterte likevel i negativt resultat. Føresetnad for framhald er tilstades.

Likviditeten i selskapet er tilfredsstillande.

### ***Dagleg drift***

Den daglege drifta i selskapet har følgjande hovudfokus;

- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssortering, og sette fokus på mindre produksjon av avfall og meir ombruk
- Fylgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvis.
- Auka gjenvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og handsamar.
- Styrkje SIRKLA Ressurs AS som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

### Vedlegg til årsmelding

1. Konsernrekneskap 2023
2. Årsrekneskap SIMAS IKS 2023
3. Likestillingsutgreiing

